

Firda Tidend

JAKTDRESS/
FJELLKLÆR
Frå kr 998,-

EN ANNERLEDES PUKK
Yrkes-
og fritidsklær as
6823 SANDANE, TLF. 57 86 62 88

Sandane

ONSDAG 20. SEPTEMBER 2006

Nr. 107 • 84. årgang • Laussal kr 10,-

Melder Direktoratet for miljøkriminalitet



Får oteren herje fritt, vert den nasjonalt verneverdige storaurestammen i Breimsvassdraget øydela, meiner Ola Bergheim og Breim vilt- og fiskelag. Dei melder Direktoratet til politiet og trugar med sivil ulydnad.

Styret i Breim vilt- og fiskelag har vedteke å politimelde Direktoratet for Naturforvaltning for miljøkriminalitet. Styret meiner at å nekte fellingsløyve for oter set storaurestammen i Breimsvassdraget i fare. – Gyte- og oppvekstområda for storauren i Breimsvatnet har nasjonal


verneverdi på linje med nasjonale laksevassdrag, seier Ola Bergheim, som har brukt mykje tid på å setje seg inn i otersaka. Fiskelaget varslar også sivil ulydnad.

Side 6



Riksantikvaren
til Vereide

Side 5



To nye avdelingar
i Mona

Side 4



Driv stort i frukt
på Blakset

Siste side

Sjekk status for
hjortejakta

Side 11

Astrup-kort fram i dagen

På Din Jølsterdag til helga kan folk få med seg ein godbit. For første gong vert 10 postkort som Nikolai Astrup måla under eit opphald i sør-Europa og nord-Afrika og sende til sin gode ven Johannes Hegrenes viste for publikum. Korta vart måla på 1920-talet.

Side 7



- Spannande seier Kjell Nedrebo i arrangementskomiteen, medan han studerer kopiar av postkorta som Astrup måla og sende heim til Jølster.

